



Helse- og omsorgsdepartementet
Att. Pia Grude
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Vår ref: (oppgjø ved kontakt)
2012/127 - 2603/2012

Dykkar ref.: 201103891

Saksbeh.: Jocelyn M. Astbury,
tlf: 57839168

FØRDE,
14.02.2012

Høyringsvar - forslag om endringar i turnusforskrifta for fysioterapeutar

I høyringsnotatet fra HOD er det blitt foreslått ei endring av teksten i forskrifta som går på at Helsedirektoratet ikkje lenger skal ha ansvar for å skaffe tilstrekkeleg tal godkjente turnusplassar, berre godkjente turnusplassar.

HOD foreslår òg at det skal opprettast ei venteliste i dei tilfella det ikkje er nok turnusplassar til at alle fysioterapeutkandidatar kan starte si turnusteneste til fyrste turnusstart etter avlagt og bestått eksamen.

HOD foreslår at kandidatane som står på venteliste, skal kunne få lisens til å jobbe som fysioterapeut under rettleiing, medan dei ventar på turnusplass.

Førde Sentralsjukehus, Fysioterapitenesta synes at venteliste vil vere ei svært uheldig ordning for kandidatar som må vente. Dei vil stå bak autoriserte fysioterapeutar om konkurranse om ledige stillingar. Dei vil kreve like mykje oppfølging som turnuskandidatar. Faktorer som behov for rettleiing og manglande godtgjersle frå Fylkesmannen for å ta imot fysioterapeutar med lisens vil betyr at dei vil vere lite attraktive arbeidstakarar

Dersom Helsedirektoratet ikkje lenger skal ha ansvar for å skaffe nok plassar til turnuskandidatar og Fylkesmannen ikkje kan pålegge institusjonar å ta imot turnuskandidatar vil mange institusjonar velge å opprette i faste stillingar i stadenfor. Faste tilsetjingar skaper meir kontinuitet i fysioterapitenesta og ein vil sleppe ansvaret for rettleiing.

Fysioterapitenesta foreslår følgjande:

Fylkesmannen bør ta eit større ansvar for å arrangere kurs for fysioterapeutar i rettleiing. Dette kan bidra til at terskelen for å ta imot turnuskandidatar blir lågare. Institusjonar bør få ei betydeleg større godtgjersle for å ta i mot kandidatar. Rehabiliteringsinstitusjonar bør ta i mot fleire turnuskandidatar

Vi konkluderer med at Fylkesmannen fortsatt bør ha ansvar for å skaffe nok turnusplassar. Behov for venteliste vil då vonleg falle bort.



Helse Førde HF
Medisinsk klinikk
Avd for nevrologi, revmatologi og
rehabilitering
Fysioterapitenesta

Besøksadresse:
Svanehaugvegen 2
6807 FØRDE

Postadresse:
Postboks 1000
6807 Førde

Telefon: 57 83 90 00

post@helse-forde.no

www.helse-forde.no

Org.nr: 983 974 732

Med helsing

Jocelyn M. Astbury

Sjef fysioterapeut

Avdeling for nevrologi, revmatologi og rehabilitering, Fysioterapitenesta,
Førde Sentralsjukehus

Signe Nordvik
Hans Johan Breidablik